

Magnar Kartveit: De Deo

Føredrag på elevstemne på Solborg Folkehøgskule, mai 2002

Eg må skuffa dei som trur at De Deo er reklame for ein visitt i parfymieriet. Uttrykket er gammalt, latinsk og dekkar det eldste av alle emne i teologien: Om Gud.

Gud – ordet rømer i det daglege alle våre lengsler og draumar, og alle mareritt. Kvar tid har sitt bilete av Gud, kvart menneske skaper Gud i sitt eige bilete.

MMI undersøking hausten 2001 viste at 47% av nordmennene trur på Gud, samtidig som 91% er medlem i eit trussamfunn som trur på Gud. 4000 menneske vart spurde, og dei hadde sannsynlegvis 4000 forskjellige forståingar av spørsmålet. 4000 gudsbilete, Gud forma i vårt bilete. 1880 av dei svara ja på spørsmålet, 1880 forskjellige ja. 2120 svara nei, og det var sikkert 2120 vidt forskjellige nei.

Gudsbiletet har blitt mangfoldig mellom oss, serleg etter at massemedia og innvandring plasserte andre religionar inn i nabolaget og inn i bestestova. Kven er Gud? Er han den autoritære og miskunnsame Allah? Er han dei mange hundre hinduistiske gudane? Er han eit vagt og famlande spørsmål som i buddhismen? Er han den israelske og israellittiske Jahve, ein general for sitt folk? Eller er han synleg i Jesu milde blick og i setningen: Heller ikkje eg fordømer deg? Er han ikkje ein han i det heile, men eit Det eller ei Ho?

Spørsmålet etter Gud er eit spørsmål etter verdiar, etter menneskeverd, etter moral. Og det er eit forsøk på å koma til rettes med universet, med historia, med egne erfaringar.

Kven er Gud? Det er eit spørsmål etter å forstå religionane, å forstå livet, å forstå Bibelen. Det er mange spørsmål, mange heilt forskjellige spørsmål, men dei heng saman, i grunnen er det eitt spørsmål, same spørsmålet. Kven er Gud? Eg spør etter forskjellige ting, men eg brukar Bibelen, fordi dei der har heile universet og livet og historia med seg på ein gong.

Bibelen.

Herren er langmodig og rik på miskunn, ein miskunnsam og nådig Gud. Herren er ein stridsmann, hans høgre hand knuser fiendar. Begge setningane står i Bibelen, begge er med i den kristne Bibel.

Bibelen innheld både eit gammalt og eit nytt testamente. Det er same Bibel for oss, og for jødane er dei som eld og vatn.

GT inneheld 39 bøker, som er veldig forskjellige i innhald, form og bakgrunn. Etter gammal forståing kan somme av bøkene reknast saman, men likevel får ein 22 eller 24 bøker. Her er lover og reglar for gudsdyrkinga, her er kjærleikssongar og klagesongar, domsforkynning og frelsesforkynning, salmar og forteljingar, historie og skjønnlitteratur. Det har blitt til gjennom 1000 år, og det er halde saman av ein einaste setning: Høyr Israel, Jahve er vår Gud, Jahve er éin. Somme av tekstane inneheld ikkje gudsnamnet Jahve, og dei har hatt ein trong inngang i GT. Men dei er med, og difor pregar dei det totale biletet. Og totaltbiletet av Gud er forskjellig: Herren er min hyrding, det vantar meg ingen ting, Sal 23, står side om side med Det er Herren sterk og mektig, Herren den sterke i strid, Sal 24.

På Jesu tid gjorde jødane ikkje noko forsøk på å systematisera det heile. Dei var ikkje først og fremst opptatt av gudsforståinga, men av Lova. Gud viste seg frå mange sider og dei let alle dei forskjellige omtalane eksistera parallelt, utan å ordna det til eit harmonisk heile. Lova var derimot det interessante, for dei skulle leva etter den i det daglege, og alt som var sagt om det daglege livet, måtte stemma overeins.

Dette var heller ikkje enkelt, for dei hadde ikkje berrre mange foreskellige reglar, men utleggjingane vart etterkvart mange. Dei samla det heile i ei stor bok, Misjna, som vart til om lag 200 e.Kr. Eg sa at det som heldt GT saman, var ein einaste setning: Høyr Israel, Jahve er vår Gud, Jahve er éin. Dersom det stemmer, skulle ein tru at jødane ville ha starta med den setningen og harmonisert og systematisert trua etter den setningen. Det har dei ikkje gjort. I staden startar Misjna med denne diskusjonen:

Frå kva tidspunkt av om kvelden kan ein starta å seia fram Shema [Høyr Israel, Jahve er vår Gud, Jahve er éin.]? Frå den tid då prestane stig inn [i templet] for å eta av offerkjøtet som vert svinga fram og tilbake for alteret, og inntil den første nattevakta tar slutt. Det sa rabbi Elieser. Men rabbinarane som laga Mishna, sa: inntil midnatt. Rabbi Gamaliel sa: inntil daggry. Sønene hans kom ein gong tilbake frå eit bryllup [etter midnatt]. Dei sa til han: "Me har ikkje sagt fram Shema". Han svara: "Dersom det enno ikkje har blitt daggry, må de enno seia det fram. Dessutan, overalt der rabbinarane som laga Mishna, føreskriv noko 'inntil midnatt', varer plikta til å utføra det inntil daggry."...Kvifor har så rabbinarane sagt 'inntil midnatt'? For å halda mennesket frå å synda. Berakot 1,1.

Me skjønar at dette ikkje er ein tekst for innføring i jødedommen, korkje for born eller for dei som vil bli jødar. Heller ikkje er det ei oppsummering av GT, eller ei systematisering av GT, eller ein dogmatikk. Ein går in medias res, rett på sak, og saka gjeld korleis ein skal leva i det daglege. Ein skal seia fram Shema morgon og kveld. Men kva er morgon og kveld?

Når startar og sluttar dei? Her må ein ha nøyaktig beskjed. Når prestane et kveldsmaten i templet, startar kvelden. Her var det ingen diskusjon. Men det var fleire forståingar av kva tid han sluttar. Den snevre forståinga sette dette til kl 9 eller 10 om kvelden. Ei mellomløyising sette tida til midnatt. Og den romslege forståinga sa at plikta varer heilt til daggry. Uansett kor seint ein kom heim om kvelden, skulle ein resitera Shema, det viste eksemplet med dei som hadde vore i brudlauf. Berre det skjedde før daggry, for då starta morgonen. Det ville jo leggja visse band på festinga i Norge på denne årstida, og det ville vera ubrukeleg nord for polarsirkelen i sommarhalvåret.

Men dette er i Israel, og der fungerte reglane fint. Og så måtte ein finna ei forklaring på at det var forskjellige løyisingar på dette spørsmålet. Forklaringa var at dei restriktive sette eit gjerde omkring lova, dvs. at ein anbefalte ei streng praktisering for å vera sikker på at ein ikkje synda, braut regelen. Skulle ein vera sikker på at ein held bodet, måtte ein halda seg på avstand frå ytterkanten av praksis. Difor fekk ein reglar om å betala tidende av det ein kjøpte, ikkje berre av det ein selde.

For oss er det overraskande at jødedommen var opptatt av å slå fast reglane for det daglege liv i detaljar, mens ein kunne sluka alt det GT sa om Gud utan bearbeiding. Heilt sant er dette ikkje, for ein var opptatt av korleis Gud kunne gi Abraham avkom mot alle odds, og deretter krevja det tilbake mot all sunn fornuft og mot all moral. Dei som har sett filmen "The Witness", veit at dette problemet lever enno. Ja, det finst mange diskusjonar om vanskelege sider i gudsbiletet, heilt fram til den største jødiske teologen gjennom alle tider: Moses Ben Maimon, Maimonides (1134-1204) frå Cordoba i Spania. Han lærde av Aristoteles, og tok avstand frå han.

Om Gud sa han at det viktigaste er at han er éin. Av dette trekte han den konklusjon at ein ikkje kan ytra positive utsegner om Gud, berre nekta negasjonar. Ein kan ikkje seia at Gud lever, for då trekkjer ein han ned på eit menneskeleg plan. Berre ordet 'liv' er felles for Gud og mennesket, for hans eksistens er av ein heilt annan art enn vår. Når ein seier at Gud lever, tyder det at han ikkje er u-levande, han manglar ikkje-eksistens. I det øyeblikk ein seier at han lever, ville ein trekkja noko frå hans einskap. Ein ville øydeleggja det som er sentrum i GT, Høyr Israel, Jahve er vår Gud, Jahve er éin.

Maimonides hadde stor sans for å tala om Guds eigenskapar og gjerne med menneskelge uttrykk: han er kjærleik, sanning, rettferd osv., men dette er menneskelege ord om ein gud som me ikkje har tilgang til. Dei er omvende negasjonar, ikkje positive utsegner om Gud. Gud er og forblir løynd, trass i openberringa.

Maimonides la stor vekt på tanken om sentrum og periferi. Han hadde nemleg ikkje tru på den menneskelege fornuft i alle saker. Fornuften kunne gjelda i perifere spørsmål, men openberringa i GT i dei sentrale. Gud har skapt verda av sin frie vilje, meinte han, og tok dermed avstand frå Aristoteles som meinte at verda sprang ut av Gud liksom strålen av sola. Nei, skapinga var ikkje ein automatisk verknad av Guds eksistens, sa Maimonides, men ho skjedde av Guds frie vilje. Her var Bibelen retningsgjevande: Gud ville verda, og skapte henne. Men når dette var sagt, var Maimonides villig til å diskutera på fornuftens premissar korleis skapinga hadde skjedd. Det var ikkje nødvendig å tru at dette skjedde på seks dagar og i ei viss rekkjefølgje. Her hadde fornuften sit spelerom.

Ideen om sentrum og periferi har stått fadder for andre løysingar på synet på GT.

Credo

For det første ligg denne innebygd i den eldste kristne trusvedkjenninga: Kristus er Herre, Kyrios Christos, altså Kristus er Gud. Det var ei enkel trusvedkjenning av det kristne sentralbodskapen, men samstundes ei fokusering som førde til at andre saker kom ut av synsfeltet. Ein samla seg om eit sentrum og andre fenomen vart perifere.

Tydelegast er dette i den første artikkelen: Eg trur på Gud Fader, den allmechtige, som skapte himmel og jord. Av heile GT på 1000 sider vart det fokusert på ein setning med tre element: Gud er far, allmechtig og skapar. Tekstane i GT som handlar om andre emne, fell dermed ut av synsfeltet, er perifere.

Dette har påverka lesinga av GT i alle år. Sannsynlegvis sprang det også ut av ei lesing av GT: ein las skapingstekstane, salmane og nokre profetiar. Profetiane var viktige. Jødane la vekt på lova, dei kristne på lovnadene. Det sentrale i jødisk tanke var lova, og heile GT var ein kommentar til henne. For dei kristne var profetane si forkynning profetiar, føreseiingar, og lovnader, og heile GT var ein kommentar til dette.

På begge sider straumlinjeforma ein lesinga av GT, og kom dermed til rettes med mangfaldet og variasjonane.

Ein variant av dette er at for oss i dag kan GT bli eit lite smykkeskrin av private edelsteinar.

Små vers og setningar som skin og funklar, som bryt det grå lyset frå kvardagen i fargar, og gir meining til kvardagen, og styrke. Mange har sydd dei på stoff og ramma dei inn til å ha på veggen. Jes 40,29 er spesielt for meg – det hadde bestemor mi sydd med gulltråd i glass og ramme på veggen: Han gjev den trøytt kraft, og den som ikkje krefter har, gjev han stor styrke. Jes 40,30f Gutar vert trøytt og mode, og unge karar lyt snåva. 31 Men dei som

ventar på Herren, får ny kraft; lyfter vengene som ørnar; dei spring og trøytnar ikkje, dei går og vert ikkje trøytt. Jes 43,1b-3a. 4a. Og no, so segjer Herren, han som skapte deg, Jakob, og laga deg, Israel: Ver uredd! Eg har løyst deg ut, ropa deg på namn, du er min. 2 Fer du gjennom vatn, so er eg med deg, gjennom elvar, so skal dei ikkje fløyma yver deg; gjeng du gjennom eld, skal du ikkje svida deg, og logen skal ikkje brenna deg; 3 for eg er Herren din Gud, Israels Heilage, din frelsar; For di du er dyr for meg, er mykje verd, og eg elsker deg.

18-19a. Tenk ikkje på det som fyrr hev vore, akta ikkje på det som har skjedd! 19 Sjå, eg gjer noko nytt, no skal det renna upp; de skal nok få sjå det!

V. 19 vart eit spesielt ord for Andrew Hsiao, rektor ved LTS. Seminaret måtte flytta og hadde ingen stad å dra. Ei natt kunne han ikkje sova, han stod opp og las dette verset, og fekk tru på at det skulle ordna seg. Det vart ei veldig god løysing, og i dag står dette verset på veggen på det nye LTS. V. 25. Hos 6,1-2 er spesielt for meg; Kom, lat oss venda um til Herren! For det er han som hev rive sund, men han vil og lækja oss; han slo, men vil og binda om oss. 2 Han skal gjera oss levande um tvo dagar; den tridje dagen skal han reisa oss upp att, og me skal leva for hans åsyn. Dette las mor mi som eit motto på 78. årsdagen sin, og seks dagar seinare døydde ho.

Desse edelsteinane må me ta vare på. Dei kan gi oss ein god start på dagen, og ein god kveld. Dei kan summa i sinnet gjennom ein travel dag, og skina i stille stunder.

Og likevel: ei slik lesing av utvalde avsnitt kan ikkje hindra at GT er mykje større og vidare enn dette, og har mange andre tekstar. Ja, ein treng berre lesa omkring desse tekstane for å sjå at biletet er vanskelegare.

Ei smal og fokusert lesing har ført til at ein har sett bort frå andre tekstar, eller hoppa over dei eller late som om dei ikkje eksisterer. Men som kjent forsvinn vanskar ikkje ved at ein lukkar augene for dei lenge nok. I vår tid har dei duka opp igjen med full styrke fordi det er funne så mange utanombibelske tekstar som minner om GT.

Ein av dei er Mesjasteinen, funnen av Fredrik A. Klein i 1868.

Klein arbeidde eigentleg i Jerusalem, men han hadde tatt turen over på austsida av Daudehavet. Guidane hans tok han med til den gamle ruinhaugen i Dibon. Der viste dei han ein stor, svart stein av basalt. Steinen var over ein meter høg og meir enn 60 centimeter brei, men det var ei innskrift på han som gjorde den store forskjellen. Der les me:

Eg er Mesja, son av Kemosj, konge i Moab, frå Dibon. Far min var konge over Moab i 40 år, og eg vart konge etter far min...Omri var konge i Israel, og han undertrykte Moab i lang tid fordi [guden] Kemosj var sint på landet sitt. Son hans etterfylgde han, og også han sa at han ville undertrykkja Moab...I mi tid sa han det, men eg såg ned på

han og på hans hus, og Israel har blitt lagt øyde, ja, det har blitt lagt øyde for all tid...Kemosj sa til meg: Gå og ta Nebo frå Israel. Og eg drog om natta og slåst mot han ... Folk frå Gad-stamma budde i Atarot-landet frå gamle dagar av, og kongen i Israel bygde opp Atarot for seg sjølv. Men eg slåst mot byen og tok han, og eg drap alle folka frå byen som eit offer til Kemosj og for Moab...

Dette minner om ein del historiske opplysingar i GT, men viktigare er dei teologiske kontaktpunkta:

For di Jahve var vreid på Jerusalem og Juda, gjekk det som det gjorde. Og til sist kasta han dei bort frå sitt åsyn, 2 Kong 24,20.

(Gud sa:) Dra no ut og slå Amalek, og bannlys alt dei eig! Du skal ikkje spara nokon, men slå i hel både menn og kvinner, både småborn og sogborn, både oksar og sauer, både kamelar og esel, 1 Samuel 15,3.

Kva er dette? Er det jihad, etnisk reinsing, folkemord?

Både Mesja-innskrifta og GT presenterer heilagkrigen som eit påbod frå Gud. Kva konsekvensar har dette for synet på openberringa? Det vil seia at forskjellige gudar har openberra seg til forskjellige folkeslag og gitt same påbodet: drep fienden ned for fote og utslett dei totalt. Ein kan løysa dette ved å seia at den eine openberringa er sann og den andre falsk. Men også den sanne openberringa inneheld folkemord og heilagkrig. Eller ein kan løysa det ved å seia at GT har del i den tids tankegang og er ein del av den tids kultur, men dermed blir openberringa nivellert. Då inneheld Bibelen den tids kultur blanda med eviggyldig openberring. Seier ein at det er tale om ei allmenn openberring, ei openberring til mange, då inneheld Bibelen altså allmenn openberring og det er ikkje lett å seia kvar grensa går mellom allmenn og spesiell openberring.

Mesjainnskrifta stiller oss innfor eit dilemma som me gjerne vil ut av. Dersom ein samlar interessa om eit fokus, om den eine setningen i trusvedkjenninga, kan ein bevare balansen, men ein vaklar likevel.

Midtpunkt i GT

Forskarar som arbeider med GT, har lenge vore opptatt av om det er eit midtpunkt i GT, og om ein kan dela opp stoffet i sentrale og perifere element. Heilagkrigen kunne då vera perifer i høve til midtpunktet. Her er setningen i Shema viktig: Høyr Israel, Jahve er vår Gud, Jahve er éin. Han står i 5 Mos, og somme vil gjera heile 5 Mos til sentrum. Andre utvidar det til å gjelda alle dei fem Mosebøkene, heile Lova, og dermed har ein hamna på det jødiske standpunkt.

Andre har funne ein annan setning viktig: Jahve er Israels Gud, Israel Jahves folk. Dette er ein litt konstruert setning ut frå orda om at Eg vil vera dykkar Gud, og de skal vera

mitt folk, ein setning som ein finn mange stader. Han blir gjerne kalla paktsformelen, og dermed blir pakta mellom Gud og folket det sentrale.

Dette fører i retning av Esras og Nehemjas reformer midt på 400-talet f. Kr. Dei drap ingen, men jaga ut dei som ikkje høyrde til folket. Ezra 10:10 Då reis Esras, presten, upp og sa til dei: De hev fare svikfullt åt og ført heim framande kvinnor; soleis hev de auka Israels skuld. 11 So skrifta no for Herren, Gud åt federne dykkar, og gjer som han vil! Skil dykk frå dei andre folki som held til her i landet, og frå dei framande kvinnor! Dei sende frå seg både kvinnene og borna, v. 44.

Og Nehemja: 13:28 Ein av sønene åt Jojada, son åt Eljasib, øvstepresten, hadde gift seg med dotter til Sanballat, frå Bet Horon; difor dreiv eg han burt frå meg. 29 Kom dei i hug, min Gud, for di dei hev vanæra prestedømet og pakti um prestedømet og levitane! 30 So reinsa eg dei for alt framandt. Dei som vart sende bort, var frå Moab og Ammon.

Dette er ei forståing av Israel som ikkje er på line med Davids oldemor, som var frå Moab. Og det er framandt for den kristne tanken som Peter fekk openberra i Jaffa, at romarar og andre ikkje-jødar kan vera med i Guds folk.

Pedagogisk frå periferi til sentrum

Ei anna løysing av dette problemet er den tanken at openberringa skreid framover, at det gjekk frå allmennorientalsk til spesielt isrealittisk, frå det heidenske til det isrealittiske, frå det grove til det opphøgde. Gud handla pedagogisk med folket, han gav dei ikkje alt på ein gong, men openberra litt etter litt kva hans vilje var. Heilagkrigen er eit lågare stadium enn Jesu milde lære, og det gjekk lang tid frå kravet om avretting av Amaleks konge Agag til Peter måtte stikka sverdet i slira; det er stor avstand frå Gilgal til Getsemane.

Problemet ved tanken om Guds frelsespedagogikk er at GT sjølv ikkje legg oppf til han. Esra og Nehemja står ved enden av den gtl. historia, og dei representerer ei reinsing av folket som ikkje er eit serleg høgare stadium enn heilagkrigen. Rett nok reddar kvinner og born livet, medan Agag må døy, men kva for eit liv fekk dei i dei gamle heimlanda? Korleis tok familiane imot dei?

Allegori

Ei heilt anna løysing er å tolka tekstane allegorisk. Dvs. at dei talar om noko anna enn dei ser ut til å tala om, dei talar om det indre eller åndelege. Metoden må ikkje forvekslast med den typologiske. Der er GT typar på det som skulle koma. Slangen i øydemarka er ein type, eit forvarsel, om Jesu korsfesting, liksom slangen vart opphøgde, skal Menneskesonen

oppbyggjast på korset. Øvsteprestens offer av dyreblod i GT er eit bilete på Jesu offer av sitt eige blod, Hebr. Israel er i det heile eit bilete, eit forvarsel, ein type på det som kom i NT.

Allegorien tenkjer annleis. Her er det råd å tolka friare. Det historiske er ikkje viktig, kanskje har det ikkje ein gong skjedd. Viktig er den åndelege forståinga. Bo Giertz om Sal 137, 8F: Babels dotter, du øydelagde! Sæl er den som gjev deg løn for den gjerning du gjorde imot oss. 9 Sæl er den som tek dine småborn og knuser dei imot berget. Han reknar denne salmen som eit uttrykk for menneskeleg hemnlyst, for det veldig menneskelege ved GT. Og dette er i strid med NT; der skal ein elska uvener, og be for dei som forfylgjer. Men samtidig legg han vekt på at Babylon er det åndelege Babylon, den store skjøkja som Joh Op talar om. Men dessutan er dei menneskelege hemntankane i grunnen små born som skal knusast mot klippa, og for odd er den klippa Kristus. Dermed er salmen heilt allegorisk tolka.

Men det er mykje hemn i Salmane, og det er tydeleg meint slik at Israel skulle ta hemn over sine fiendar, og salmeforfattarane ville ha hemn over sine fiendar. Det kan henda at dette var andre enn menneske, det kan ha vore demonar eller andre krefter, men salmane bad om hemn.

Den ukjende og framande Gud

Difor er det ikkje rart at det kom ein mann på banen som ville fjerna GT eller halda GT utanfor den kristne Bibel: Marcion frå Sinope ved Svartehavet. Han var ein ivrig disippel av Paulus' teologi, og var fødd 80-90 e. Kr. Paulus talte frimodig på Areopagos om at han representerte den ukjende Gud, han som hadde skapt verda og late Kristus stå opp frå dei døde.

Marcion skilde mellom desse to delene av Paulus' tale. Den ukjende Gud var Kristi Gud, den gode og kjærlege. Denne guden hadde ingenting å gjera med skaparen av verda, som var GTs Gud. Denne var hemngjerrig og krigersk, rettferdig i negativ forstand. Jesu openberring av Faderen, den som her sett meg, har sett Faderen, gav eit heilt anna bilete enn GT. Kjærleik, ikkje krig, nåde, ikkje hemn, forløyising, ikkje rettferd.

Marcion vart utstøydd frå kyrkja, men problemet har levd vidare. Og ein kan seia at dei fleste modellar etter Marcion, har blitt nøydd til å vurdera om hans formulering av problemet var treffande.

Martin Luther lanserte uttrykket 'den løynde Gud' etter Jes 45, 15: "Sanneleg, du er ien Gud som løyner seg, du Israels Gud og frelsar". Tanken om Deus absconditus lar dei vanskelege tekstane gjelda, men skil mellom naturens, nådens og herlegdomens lys. Naturens lys er det som alle menneske har, nådens er for dei truande. Dei skal vera opptatt av det som

gjeld dei sjølve og deira frelse, og la dei vanskelege sakene liggja. Berre i herlegdomens lys blir alt klart, dersom Gud vil visa det då.

Marcion tok tekstane på historisk alvor, men kom ikkje til rettes med at Jesu far var Abrahams, Isaks og Jakobs Gud. GT og NT heng saman.

Luther kjem ikkje til rettes med at tekstane er opne og tilgjengelege. Dei vart forstådde ein gong i tida, og dei vart brukte den gongen. Dei var Guds ord til sitt folk.

Guds anger

Men er dei det ikkje lenger? Kan Gud endra meining? Ja, han kan angra. 1 Sam 15 seier at han ikkje kan angra, for han er Gud og ikkje eit menneske. Det vil seia: Han er ikkje vankelmodig. Han angra at han gjorde Saul til konge.

Amos bad for folket, og Gud angra, Am 7. Jer 18 fortel at profeten var på besøk hjå pottemakeren. Der fekk han demonstrert at Gud kan endra sin plan.

Han gjorde det i GT og han gjer det i NT. Det nye i NT er det evige liv.

Også i dei yngste delene av GT er det spor av tanken om eit evig liv, men dette var svært forsiktig uttrykt. I NT kom det evige liv i sentrum i og med påstanden om at Jesus hadde stått opp frå dei døde.

Om Abraham heiter det difor at han i grunnen ikkje kom til det lova landet, for det lova landet var i det evige. Vidare skal dei saktmodige ikkje arve landet, som i GT, men jorda, den nye jord. Målet for historia var ikkje lenger Jerusalem, men det nye Jerusalem.

Med dette var grunnen lagt for den fundamentale dreininga som kristendommen stod for, bort frå det konkrete landet til det evige liv, bort frå livet i samsvar med lova til eit liv i venting på det evige, bort frå vona om ein Messias som skulle gi Israel full suverenitet i landet til ein lidande og døyande Messias.

NT er difor oppfylld av lovnader, og noko heilt nytt på same tid. GT er eit vitnemål frå den tida som var og som skapte grunnlaget for NT. No blir ny vin helt i nye skinnsekker – eller rettare: ny vin i gamle skinnsekker, men då blir begge nye, heilt nye.